



Saksbehandlar: Lars Grøteide, Kulturavdelinga
Sak nr.: 15/8373-2

Budsjett 2016 - Kultur

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å slikt vedtak:

1. Sektorramme for kultur vert fordelt slik på programområde i 2016:

Programområde		B 2015	B 2016
740	Bibliotek	6,283	5,623
750	Arkiv og kulturminneføremål	13,157	12,575
760	Museum	16,244	15,044
771	Kunstformidling	9,344	9,616
772	Kunstproduksjon	11,474	11,294
775	Fysisk aktivitet og idrett	2,472	2,592
790	Andre kulturaktivitetar	11,629	10,956
SUM		70,603	67,700

2. Vedtekne reduksjonar vert fordelt slik på programområde og tiltak i 2016 (og 2017):

Programområde	Tiltak	B 2015	B 2016	B 2017	
740	Bibliotek	Bokbåten	-0,640	-1,300	-1,600
750	Kulturminneforvaltning	Aktivitet (Fylkesarkiv)			-0,700
750	Kulturminneforvaltning	Del av forvaltning - 0,7			
760	Museum		-1,100	-2,200	-3,200
771	Kunstformidling	Fylkesmusikarordn.	-0,900	-0,700	-0,600
771	Kunstformidling	Kultur og helse	-0,200	-0,500	-0,500
771	Kunstformidling	Den kulturelle skulesekken	-0,100	-0,100	-0,200
772	Kunstproduksjon	Tilskot til regionale kulturinstitusjonar		-0,200	-1,000
790	Andre kulturaktivitetar	Kulturmiddlar	-0,900		
SUM		3,840	5,000	7,800	

3. Hovudutvalet ber fylkesdirektøren tidleg i 2016 starte arbeidet med å førebu vedtekne reduksjonar i 2017 slik at desse kan realiserast som føresett.
4. Av budsjettmessige årsaker avslår hovudutval for kultur søknad om tilskot frå:

- Langeland Ski- og fritidssenter AS
- Stryn turn- og idrettslag
- Stiftelsen Måløyraidsenteret

5. Hovudutval for kultur rår til at det vert arbeidd vidare med å realisere fellesmagasin for musea i fylket som del av utbygging av nytt formidlingsbygg for Sunnfjord Museum i Movika i Førde.

Vedlegg:

- Notat frå fylkesdirektøren m/søknad frå Langeland Ski og fritidssenter AS
- Notat frå fylkesdirektøren m/søknad frå Stryn turn og idrettslag, inkl. 3 vedlegg
- Notat frå fylkesdirektøren m/søknad frå Måløyraidsenteret, inkl. 2 vedlegg.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Denne saka omhandlar budsjett 2016 og ei vurdering av kva tiltak som må setjast i verk i 2016 for å kunne effektuere innsparinger i 2017.

Saka har tre hovudtema:

- Realisering av kulturstrategien 2015-2018 gjennom budsjett 2016
- Fordeling av ramma på tenestenivå
- Realisering av innsparingane i 2016 og førebuingar mot aktuelle reduksjonar i 2017.

Saka er bygt opp slik:

Kap. 1	Samandrag
Kap. 2	Bakgrunn for saka
Kap. 3	Vurdering og konsekvensar
Kap. 4	Fordeling av budsjett 2016
Kap. 5	Presisering av føreslalte reduksjonstiltak
Kap. 6	Eksterne søknadar
Kap. 7	Konklusjon.

2. Bakgrunn for saka

I denne sak tilrår fylkesdirektøren fordeling av sektorbudsjettet 2016 på programområde og teneste/tiltak.

Retninga på fylkeskommune sine kultursatsingar er for perioden 2015-18 satt gjennom kulturstrategien. Den skal vera styrande for administrative og politiske prioriteringar. Budsjettet er ein viktig reiskap for å nå visjonar og mål i strategien. Fylkesdirektøren meiner difor det er viktig å sikre ein god samanheng mellom retningane kulturstrategien peikar ut og den vegen kulturbudsjettet peikar. Dette vert drøfta i fyrste del under vurderingar.

Omfanget av satsingane vert deretter presentert på tenestenivå. Fylkesdirektøren presiserer så forslag til reduksjonar. Dette i samsvar med FT-sak 26/15 Økonomiplan 2016-19 og HK-sak 18/15 Økonomiplan 2016-19 prioriteringar.

Sektorramme

Nettoramma for kultursektoren vart i FT-sak 26/15 Økonomiplan 2016-19 sett til 64,0 mill. kroner for 2016. I samband med fastsetting av sektorrammene i økonomiplan 2016-19 er nokre kortsiktige tiltak rekna inn to gonger. Dette medfører at kulturramma er redusert med 3,7 mill. kroner for mykje i 2016. Fylkesrådmannen vil no rette opp denne feilen og tilrår å auke ramma til kultur med 3,7 mill. kroner i 2016 i arbeidsdokument 5/15 til finansutvalet.

Tekst	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
-------	------------------	------------------	------------------	------------------

Reduksjon i 2015 og føreslegne reduksjonar 2016 og 2017		3,840	5,000	8,500
Ramma til kultursektoren med dei noverande forslaga til reduksjon vert:	71,874	69, 503	67, 700	61,300

-Budsjett 2015 er justert for pris og lønnsvekst i høve FT-sak 50/2014 og andre endringar i løpet av 2015

-I dette oppsettet er dei 0,7 mill. av forvaltningsbudsjettet i 2017 integrert i reduksjonane

-oppsettet inkluderer reduksjonen i 2015 til Musea i Sogn og Fjordane.

Skilnaden mellom budsjetta for 2016 og 2017 er 6,5 mill. kr. Oppsettet under syner skilnaden:

Endringa i ramma frå 2016 til 2017	
Tilrådde reduksjonar i 2017	3,500
2015 er siste år med tilskot til Hafstadparken	2,500
2015 er siste år med tilskot til Verdiskapingsprogram "Kongevegar over Filefjell"	0,300
2015 er siste år med tilskot til Utviklingsavtale med Selje kommune	0,100
Ymse administrative endringar	0,100
Sum:	6,500

Inntekter

Statlege tilskot som vi forvaltar, og andre eigeninntekter utgjer samla inntekter til kultursektoren om lag 60,0 mill. kr. Dette er inntekter som spelemidlar, tilskot til freda bygg og tiltak i verdsarvområdet, Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken, m.m.

Eigeninntektene går i hovudsak til drift av kommunearkivordninga.

3. Vurderingar og konsekvensar

Kulturaktivitet og kulturopplevelingar gir oss eit rikare liv og bygger identiteten vår. Det er visjonen i kulturstrategi 2015-2018. For å skape kulturopplevelingar og aktivitetar må det satsast på kultur, også økonomisk. Samfunn som satsar på kultur vert gode og attraktive samfunn.

I visjonen ligg det at kunst og kultur har sin eigenverdi, men også at satsing på kunst og kultur er verdiskaping i form av gode fritidstilbod, arbeidsplassar, næringsutvikling og opplevelingar. Kunstsalar og kulturarbeidarar, både frivillige og profesjonelle, gir viktige bidrag til verdiskapinga i samfunnet. Fylkeskommunen si kultursatsing skal bidra til økonomisk, sosial og kulturell verdiskaping i fylket. Oppsettet under syner korleis dette er organisert og konkretisert i Kulturstrategien 2015-2018.

Visjon Kulturaktivitet og kulturoppleveling gir oss eit rikare liv og bygger identiteten vår!			
Mål	Gjennomgående perspektiv	Satsingsområde 2015-2018	Strategiar
Støtte kulturen sin eigenverdi	Born og unge er morgondagens samfunnsbyggjarar	Frivillig sektor- bygge samfunnet frå botnen av	Digital kulturformidling
Bidra til å auke folketalet	Den kulturelle grunnmuren gir tilgang til deltaking og oppleveling	Kulturarv – For samfunnsutvikling, trivsel og identitet	Kunnskap og kompetanse
Stimulere til berekraftig kulturliv	Nynorsk skriftspråk er eit fullgodt bruksspråk på alle samfunnsområde	Kunst og kulturskapande og byggande krefter	Regional utviklar
Fremje fylket sine interesser	Kulturtildoda skal vera tilgjengelege for alle		Samarbeid og partnarskap

Korleis kjem dette til utrykk i kulturbudsjetten 2016?

Mål

Måla i strategien omfattar den samla innsatsen fylkeskommunen yter innan kultur saman med sine samarbeidspartar. Heile kulturbudsjettet er såleis omfatta av desse måla. På tross av strammare rammer er det viktig å satse på ei offensiv kultur- og samfunnsutvikling.

Gjennomgåande perspektiv

Barn og unge:

Fylkesdirektøren har valt å styrke satsinga på barn og unge ved å omdisponere administrative ressursar internt i kulturavdelinga. Innsatsen til tiltak som UKM og Fylkesting for ungdom/UPU er auka. Vi går no gjennom satsingane, set nye mål og endrar arbeidsmåtan for betre ressursbruk og høgare målsettingar. Mykje er difor gjort, utan at det medfører auka kostnadene. Når det gjeld UKM føreslår fylkesdirektøren ei lita auke i dei økonomiske ressursane. Dette for å auka innsatsen inn mot det som skal skje i kommunane. Som utviklarar ynskjer vi å støtte opp om og bidra til vidareutvikling av dei kommunale arrangementa i noko større grad.

Den kulturelle grunnmuren

Det er i stor grad kommunane som er ansvarlege for tiltak som ligg innanfor omgrepet den kulturelle grunnmuren. Vår rolle er å støtte kommunane i deira arbeid. Dette gjer vi ved å nytte våre dyktige medarbeidarar til å delta i dialog, bidra med opplæring og kompetanseheving. Døme på dette er det store arbeidet som er gjort dei siste åra med dei lokale kulturminneplanane, gjennom prosjektet «kultur for samfunnsplanlegging», auka satsing på å heve den lokale kompetansen innan fysisk aktivitet, spelemidlar og lokale kulturbygg, innan bibliotekutvikling, eit tett samarbeid med kommunane om tilbod til menneske som treng tilrettelegging for å oppleve og delta i kulturtilbod, den kulturelle skulesekken, UKM, m.m. Vi vil prioritere denne arbeidsinnsatsen og vere ein utviklarar i dialog og samarbeid med kommunane.

Det nynorske språket

Vi skal bygge opp under nynorsk som eit aktiv språk som vert brukt. Det skal vi gjere gjennom vår eigen aktivitet og våre tenester. DKS og den digitale kulturformidlinga skal vere sentral i dette. Fylkesbiblioteket og fylkesarkivet har også ei viktig rolle i dette arbeidet. Ved å bruke dei tilsette sine ressursar og kompetanse kan vi kome langt. Vi kan også i større grad nytte tilskotsmidlane våre til søkjavarar som bidreg til å løfte fram det nynorske språket. Vi koordinerer arbeidet til «nynorskfylket». Det er ikkje sett av eigne midlar i budsjettet til ei satsing på det nynorske språket.

Kulturtilbod skal vere tilgjengelege for alle

Vi har i mange år hatt ei satsing på tilrettelegging av kulturtilbod gjennom ei kultur og helsesatsing. Denne innsatsen har vore viktig for kommunane og den enkelte brukar og vi held fram dette arbeidet. Vidare er universell tilrettelegging eit viktig bidrag for auka deltaking. Universell tilrettelegging er allereie ein naturleg del av arbeidet med anlegg for fysisk aktivitet og kulturbygg. Vi kan alle i større grad ha fokus på universell tilrettelegging når vi bidreg til tiltak, satsingar og investeringar.

Satsingsområde 2015-2018

Frivillig sektor

Frivillig sektor er viktig i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen har difor valt å skjerme tilskota til dei regionale organisasjonane så langt som råd. På sikt er det eit mål å auke denne støtta, men slik økonomien er nett no er det ikkje rom for det.

Kulturarv

Å ta vare på materielle og immaterielle kulturminne er ein del av samfunnsbygginga. Vi forvaltar kulturminne og utviklar satsingar innan fagfeltet. Satsinga vår kan delast i tre. Det er kulturminneforvaltning med utgangspunkt i plan- og bygningslov og kulturminnelova, fylkesarkivet inkludert kommunearkivordninga, og gjennom tilskot til Musea i Sogn og Fjordane og Tusenårsstaden Gulatingset.

Kunst og kultur- skapande og byggande krefter

Fylkeskommunen ynskjer gjennom si utviklarrolle å stimulere kommunane til å vidareutvikle sitt kulturtilbod, musea til å finne nye formidlingsformer som er attraktive for publikum og støtte opp om festivalar og utbygging og rehabilitering av kulturbygg.

Fylkeskommunen må i 2016 og åra som kjem konkretisere sitt arbeid for å støtte opp om det frie kunstfeltet slik at utøvande og profesjonelle kunstnarar vel å bu i fylket.

Strategiar

Digital kulturformidling

Den digitale verda når oss overalt. Den er stor og er stadig i endring. Vår satsing på digital kulturformidling møter dette gjennom tilrettelegging og kunnskapsdeling særlig innan bibliotek og arkiv, men også gjennom å gjere informasjon om fysisk aktivitet, friluftsliv, og kulturopplevingar elles tilgjengeleg digitalt.

Kunnskap og kompetanse

Våre tilsette har ein høg kompetanse innan ulike kulturfag. Denne kompetansen må vi i større grad nytte til «å gjere andre god.» Samstundes må fylkeskommunen også sjå til at dei tilsette får høve til å utvikle seg og auke sin kompetanse. Investering i medarbeidarar skapar kvalitet, stabilitet og gjer at vi i enda større grad kan fylle vår utviklarrolle og bidra til eit lokalt og regionalt kulturtilbod av høg kvalitet.

Regional utviklar

Kultur gir oss rikare liv og bygger identiteten vår. Kultur er ein viktig del av all samfunnsutvikling. Fylkesdirektøren meiner vi i større grad må arbeidde for at kultur vert ein viktig og naturleg del av regionale og lokale planleggingsprosessar. Dette kan skje gjennom separate temoplanar for kultur og ved at kultur vert eit tema i den heilsaklege samfunnsplanlegginga.

Samarbeid og partnarskap

Kulturfeltet har nytta ulike former for samarbeid for å skape tilbod til innbyggjarar som elles hadde vore vanskeleg å få til. Fylkeskommunen ynskjer å nytta ulike samarbeidsformer for å styrkje viktige kultursatsingar og gjere rammene meir føreseielege for aktuelle partnarar. Dette krev ikkje auka økonomiske rammer, men vil binde opp noko av budsjettet til desse samarbeida (t.d. gjennom utviklingsavtaler).

Den samla satsinga på kultur:

I presentasjonen av denne saka kjem det fram at for kvar krone fylkeskommunen nyttar på kultur, får vi ei krone i tillegg frå staten. I tillegg kjem dei inntektene som våre samarbeidspartar generer direkte til mottakarar, omsetnaden som vert skapt av den støtte vi gir frivillige organisasjonar, festivalar og andre. Den samla omsetnaden som kjem av våre kultursatsingar er stor. Omfanget er ukjent, og fylkesdirektøren meiner at ei oppgåve i 2016 er å vurdere å følgje opp forslaget frå utgreiingsarbeidet våren 2015 om ei ringverknadsanalyse av kultursatsingar i Sogn og Fjordane.

I tillegg til den aktiviteten som vert omtalt under, vil fylkesdirektøren tidleg i 2016 også måtte starte opp arbeidet med å førebu dei reduksjonane som er vedtekne i budsjettet for 2017. Dette for at reduksjonane skal få den verknad som vedtaket legg opp til. Dei reduksjonane dette først og fremst gjeld, er fordelinga av reduksjonen på 1 mill. kroner på programområde 772 kunstproduksjon og reduksjonen på 1,4 mill. kroner på programområde 750 kulturminnevern (stillingsreduksjonar, dels sentraladministrasjonen, dels fylkesarkivet).

4. Fordeling av budsjett 2016

Med bakgrunn i drøftingane over og under vil fylkesdirektøren tilrå hovudutval for kultur å gjere følgjande vedtak om fordeling mellom programområda:

Programområde	B 2015	B 2016
740 Bibliotek	6,283	5,623
750 Arkiv og kulturminneføremål	13,157	12,575
760 Museum	16,244	15,044
771 Kunstformidling	9,344	9,616
772 Kunstproduksjon	11,474	11,294
775 Fysisk aktivitet og idrett	2,472	2,592
790 Andre kulturaktivitetar	11,629	10,956
SUM	70,603	67,700

Fylkesdirektøren gir i det vidare ei omtale på tenestenivå.

740 Bibliotek

Fylkesdirektøren tilrår ei slik fordeling av midlane:

Teneste 7400	R-2014	B-2015	B-2016
Bibliotek	6,847	6,283	5,623
Sum	6,847	6,283	5,623

Fylkesbiblioteket

Fylkesbiblioteket yter bibliotekfagleg rettleiing og assistanse til biblioteka, og arbeider aktivt for å utvikle gode bibliotektilbod i fylket. Eit sentralt mål er å styrke regionale biblioteksamarbeid for å utnytte felles ressursar og skape sterkare fagmiljø. Fylkesbiblioteket sørger for grunnleggjande infrastruktur som felles databasesøk og transportordning for bøker og lydbøker mellom biblioteka, organiserer eit fylkesdekkande samarbeid om e-bokutlån og tilbyr utlån av klassesett til skulane. Gjennom [Forskrift om bibliotekstatistikk](#) har fylkesbiblioteket ansvar for innsamling og kvalitetssikring av bibliotekstatistikk i fylket.

Gjennom året arrangerer fylkesbiblioteket ei rekke kurs og faglege samlingar for bibliotektilsette. Utvikling av kurstilbodet tek utgangspunkt i resultata frå kompetansekartlegginga som er gjennomført, jf. vedtak i HK-sak 37/14 . Informasjonskompetanse, litteraturkunnskap, digital kompetanse, formidling og leiingskompetanse er prioriterte fagområde. Fylkesbiblioteket leier nettverk for bibliotekarar i vidaregåande opplæring og arbeider for å betre bibliotektilboda til eldre, funksjonshemma og innvandrarar.

I samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa følgjer vi i 2016 opp lesegledarordninga som startar opp hausten 2015. Lesegledarane har gjennomgått kurs, og er klare til å reise rundt i fylket for å formidle barne- og ungdomslitteratur - med særleg vekt på dei nynorske tekstane. Målgrupper er elevar og foreldre, lærarar og bibliotekarar. Prosjektet *Lesarhistoria – ny veg til lesaren* har òg som mål å styrke litteraturformidlinga, og er eit samarbeid med bibliotek, skular og barnehagar i fylket samt Høgskolen i Oslo og Akershus. I prosjektet *Lettare litteraturnett* utviklar vi saman med Nordland fylkesbibliotek ein nasjonal standard for digitale forfattarportalar basert på open kjeldekode. Vi produserer artiklar om forfattarar frå fylket på Nynorsk Wikipedia, desse vert knytte saman med data frå Nasjonalbiblioteket og presenterte på vår portal. Fylkesbiblioteket arbeider for ei sterkare nasjonal satsing på lesing av nynorsk i eit felles initiativ med Foreningen !les, Nynorskcenteret, Nynorsk kultursentrum, LNK og dei andre fylkesbiblioteka på Vestlandet.

Reduksjon og endring:

For å effektuere eit samla nedtak på 8,5 mill. kroner i 2017 følgjer fylkesdirektøren opp med ein reduksjon på 0,3 mill. kroner på programområdet; jf vedtak i HK-sak 18/15 Økonomiplan 2016-19 prioriteringar. I tillegg kjem ytterlegare reduksjon på 0,2 mill kroner i 2018. Dette vil redusere aktiviteten til fylkesbiblioteket. Dette kjem i tillegg til avviklinga av bokbåten som gjev ein årleg innsparing på 1,3 mill. kr.

750 Arkiv og kulturminnerefremål

Fylkesdirektøren tilrår ei slik fordeling av midlane:

Teneste 7500	R-2014	B-2015	B-2016
Fylkesarkivet	7,159	7,241	7,241
Kulturminneutvikling	1,403	0,550	0,300
Kulturminne, administrasjon	6,135	5,366	5,034
Sum	14,697	13,157	12,575

Fylkesarkivet

Fylkesarkivet arbeider for å etterkome dokumentasjonsbehovet, retten til innsyn i forvaltninga og for å sikre at nødvendig dokumentasjon av fortida er tilgjengeleg, jf. Meld. St. 7 2012-2013.

Fylkesarkivet tek vare på ein samla samfunnsdokumentasjon frå Sogn og Fjordane og syter for at denne dokumentasjonen er tilgjengelege for alle til ein kvar tid.

Webtenestene gir tilgang til fotodatabasar, digitale arkivdokument, stadnamn på kart, folkemusikk og kulturhistorisk leksikon. I samlingane ligg det enorme mengder informasjon. Fylkesarkivet yter tenester til kommunane og fylkeskommunen slik at dei oppfyller lovkrava gjennom medlemskapen i kommunarkivordninga.

Fylkesarkivet tek imot og handsamar foto- og privatarkiv i Sogn og Fjordane. Arkivering av stadnamn og musikktradisjonar er andre oppgåver.

Kulturminne – forvaltning og utvikling

Fylkeskommunen har ei sentral rolle som forvaltar av kulturminne. Fylkeskommunen er delegert statlege mynde for kulturminne som er automatisk freda og for freda bygg, jf Forskrift om fagleg ansvarsdeling etter kulturminnelova. I 2014 fekk vi 3,7 mill. kr frå staten til slike tiltak, i 2015 har vi i alt fått 5,5 mill. kr og det er allereie løyvd 1,0 mill. kr for 2016. I tillegg er vi tildelt 1,5 mill. kr til verdsarvområda. Fylkeskommunen gjennomfører årleg registrering av kulturminne. Dette arbeidet er sjølvfinansierande. Omfanget varierer frå år til år. I 2014 var omsetninga for dette arbeidet om lag 1,8 mill. kr.

Fylkeskommunen sine prioriterte satsingar på kulturminnefeltet er forankra i det nasjonale kunnskapsløftet på kulturminneområdet, jf Stortingsmelding nr. 35, 2012-2013: Framtid med Fotfeste, i den regionale satsinga på natur og kulturarven som grunnlag for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping, jf HPN-sak 71/13, og i Kulturstrategi 2015-2018.

Lokale kulturminneplanar

Kulturminna er ein ressurs for verdiskaping og oppleving i lokalsamfunnet. Gjennom vår eiga satsing på lokale kulturminneplanar vil fokuset på kulturminna lokalt auke. Det er eit mål at kulturminneplanane vert eit nyttig og viktig verkty for kommunane både med tanke på kompetanseheving og på lokal samfunnsutvikling. Arbeidet er eit viktig bidrag til det nasjonale kunnskapsløftet på kulturminnefeltet. Fylkeskommunen har ikkje sett av midlar til prosjektet i 2016, men fordi vi har hatt større inntekter enn budsjettert er det råd å vidareføre prosjektet i delar av 2016 med sikte på avslutning av prosjektet. Inntektene kjem frå Riksantikvaren som har lagt merke til denne satsinga, og har omtala ho i svært positive ordelag.

Verdiskapingsprosjekt

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil i 2016 delta i to verdiskapingsprosjekt på kulturminnefeltet:

- Kongevegen over Filefjell
- Kystpilegrimsleia Rogaland – Nidaros.

Dette er samarbeidsprosjekt med fleire kommunar og fylkeskommunar. Prosjekt «Kongevegen over Filefjell» vert planlagt avslutta som verdiskapingsprosjekt i 2016. Prosjektet «Kystpilegrimsleia Rogaland-Nidaros» vil gå i heile 2016 og deler av 2017. Fylkeskommunen si utfordring er å stille opp med eigendel tilsvarende løying frå Riksantikvaren. I 2016 er det sett av 0,3 mill.kr innan hovudutvalet si ramme. Dette dekker vår deltagning i «Kongevegen over Filefjell.» For Kystpilegrimsleia er finansiering søkt over infrastrukturmidlar knytt til oppfølging av reiselivsplanen.

Reduksjon og endring:

For å effektuere eit samla nedtak på 8,5 mill. kr i 2017 følger fylkesdirektøren opp med ein samla reduksjon på 1,4 mill. kr på programområdet. Reduksjonen er i føresett fordelt likt mellom kulturminneforvaltninga og Fylkesarkivet, og vil måtte takast ut som stillingsreduksjonar. 0,7 mill kroner av reduksjonen vil bli del av utgreiing nr 57 som omfattar sentraladministrasjonen. Resten, 0,7 mill kroner gjeld fylkesarkivet. Fylkesdirektøren vil tidleg i 2016 starte opp arbeidet med å førebu iverksetjing av reduksjonen.

760 Museum

Fylkesdirektøren tilrår ei slik fordeling av midlane:

Teneste 7600	R-2014	B-2015	B-2016
Musea i Sogn og Fjordane	15,837	15,179	14,179

Gulatinget	1,040	1,065	0,865
Sum	16,877	16,244	15,044

Musea i Sogn og Fjordane

Musea i Sogn og Fjordane har ansvar for drifta av dei regionale kulturhistoriske musea med sine underavdelingar, kunstmuseet med sine underavdelingar og Norsk Kvernsteinsenter. Fylkeskommunen yter tilskot til drifta av Musea i Sogn og Fjordane. I 2015 vart det løyvd 15,179 mill. kroner. Det er sett i gong arbeid med å forhandle fram ein ny finansieringsavtale mellom Musea i Sogn og Fjordane, kommunane og fylkeskommunen. Dette som erstatning for dagens avtale som vart utvikla for 12-15 år sidan. Målet er at kommunane f.o.m. 2017 bidreg med 15% av tilskotet, fylkeskommunen 25% og staten 60%. Difor er tenesta redusert med 1,1 mill. kroner i 2015, 2,1 mill. kroner i 2016 og 3,1 mill. kroner i 2017.

Tusenårsstaden Gulatinget

Fylkeskommunen sitt tilskot til drift og utvikling av tusenårsstaden Gulatinget er 1,065 mill. kroner i 2015. Fylkeskommunen svarar for inntil 70 % og Gulen kommune 30 % av tilskotet til drifta.

Reduksjon og endring:

For å effektue ein samla reduksjon på 5,0 mill. kroner i 2016 og 8,5 mill. kroner frå 2017 tilrår fylkesdirektøren ein reduksjon på 0,2 mill. kroner i tilskotet f.o.m. 2016 til Tusenårsstaden Gulatinget. Dette kjem i tillegg til reduksjonen til Musea i Sogn og Fjordane.

Utgangspunktet for vedtaket i denne saka er dei rammer som er sett til no. Arbeidet med å forhandle fram ny avtale med kommunane har synt seg å vere krevjande. Det gjer at fylkesrådmannen i arbeidsdokument nr. 5/15 til finansutvalet vil føreslå å endre reduksjonen til musea. Skissa fylkesrådmannen legg fram inneber at:

- innsparingane som MiSF har sett i verk i 2015 eter ein reduksjon på 1,1 mill kroner vert vidareført
- fylkeskommunen trappar ikkje opp rammereduksjonen med føresett i 2016.
- kommunane nyttar 2016 til å samle seg om å auke tilskotet til musea med 1,5 mill. kroner årleg frå 2017.
- Fylkeskommunen legg den samla årlege reduksjonen frå 2017 på 2,6 mill. kroner.

Den fylkeskommunale løvvinga til MiSF må som følgje av ei slik tilnærming aukast med 1 mill. kroner i 2016, og 0,5 mill. kroner årleg for åra deretter. Fylkesrådmannen tilrår at kultursektoren si ramme vert styrka med 1 mill. kroner i 2016, medan den årlege auken i tilskot på 0,5 mill. kroner for åra deretter bør vurderast å få status som urealisert innsparingskrav på sektoren. Midlane er førebels teknisk tilført sektoren. Om dette vert vedteke vil ramma til kultursektoren for 2016 auke.

Fellesmagasin/Sunnfjord Museum

Slik det var omtalt i arbeidsdokument 3/15 har fylkesrådmannen arbeidd med å avklare ev eigarskapsmodell, finansiering, organisering og fagleg løysing for fellesmagasinet med ei alternativ plassering. Utgreiingar og vurderingar gjort i samråd med musea i Sogn og Fjordane viser at alternativ plassering (Eskefabrikken i Angedalen, Førde) gjev både for store kostnader og faglege utfordringar til at vi kan tilrå å gå vidare med dette alternativet. Samstundes løyser det heller ikkje dei utfordringar ein i dag har ved Sunnfjord Museum i Movika med arbeidsplassane for dei tilsette.

Fylkesrådmannen drøftar også denne saka i arbeidsdokument 5/15, og vil der rå til at det under gitte føresetnader vert arbeidd vidare med eit nedskalert fellesprosjekt «Kløften».

Realisering av prosjektet føreset finansiell medverknad frå både staten, fylkeskommunen og kommunane i fylket.

771 Kunstformidling

Fylkesdirektøren tilrår ei slik fordeling av midlane:

Teneste 7710 Kunstformidling	R-2014	B-2015	B-2016
Den kulturelle skulesekken	0,283	0,456	0,356
Digital kulturformidling	0,075	0,158	0,158
Kultur og helse	-0,119	-0,103	-0,103

Den kulturelle spaserstokken		0,988	0,988
Skule- og barnehagekonsertar	0,183	0,100	0,100
Distriktsmusikarane	2,378	2,353	2,353
Fylkesmusikarordninga	1,592	0,662	0,962
Kunstformidling, administrasjon	5, 527	4,730	4,802
Sum	9,919	9,344	9,616

Føremålet med tenesta er å gje alle innbyggjarane eit mangfald av kulturtenester, der det er mogeleg både å *delta sjølv*, og *oppleve* profesjonell kunst og kultur. Fylkeskommunen har om lag 8 mill. kroner i inntekter innanfor dette programområdet. Dette er statlege tilskot til gjennomføringa av Den kulturelle skulesekken.

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing på kultur for barn og unge. I Sogn og Fjordane når den alle born i grunnskulen med fire profesjonelle kulturopplevelingar kvart år. Det er gledeleg at DKS no også når alle trinna i den vidaregåande skulen. Fylkeskommunen rapporterer til Kulturdepartementet.

Reduksjon og endring:

For å effektuere eit nedtak på 5,0 mill. kroner i 2016 og 8,5 mill. kroner frå 2017 tilrår fylkesdirektøren ei reduksjon på 0,1 mill. kroner i 2016 og 0,2 mill. kroner i 2017 til DKS.

Digital kulturformidling

Det digitale vert ein stadig større og viktigare del av vårt arbeid. Målet er at digital formidling skal vere ein integrert og naturleg del av kunst- og kulturformidlinga i Sogn og Fjordane. Ein stor del av vårt publikum er storforbrukarar av digitale tenester. Dei ventar at formidling av kultur er tydeleg og lett tilgjengeleg. Vi må sørge for utvikling, nyskaping og kreativitet i kulturformida. Digital kompetanse og formidling er prioritert i kulturstrategi 2015-2018.

Kultur og helse

Kultur og helse er utviklings- og prosjektretta innsats for at alle skal ta del i ulike kulturopplevelingar. Dette inneber satsing på betre tilgang for alle, integrering og betre samhandling mellom kultur- og helsesektor. Dette vert gjort med vekt på faget musikkterapi. Det er tett samarbeid med forskingsinstitusjonar, kommunar, institusjonar og frivillige i fylket.

Vi arbeider med nettverk, rettleiing til kommunar og undervisning/forelesing på utdanningsinstitusjonar, samarbeidspart for gjennomføring for årleg kulturfestival for utviklingshemma i fylket, kurs, konferansar, prosjekt innan eldre og integrering og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemder og tilgjenge for i alle i fylket regionalt og lokalt.

Reduksjon og endring:

For å effektuere eit samla nedtak på 5,0 mill. kroner i 2016 og 8,5 mill. kroner frå 2017 tilrår fylkesdirektøren ei reduksjon på 0,5 mill. kroner innan satsinga kultur og helse frå 2016. Dette kjem i tabellen over til utrykk ved ein reduksjon under kunstformidling, administrasjon.

Den kulturelle spaserstokken

Fra og med 2014 har fylkeskommunen fått forvaltningsansvaret for dei statlege tilskota til Den kulturelle spaserstokken. Løyvinga er f.o.m. 2015 lagt inn som del av rammetilskotet til fylkeskommunen. Hovudutvalet har fått auka opp ramma med 0,988 mill. kroner i 2015 for til dette tiltaket. Denne summen er vidareført i 2016. Tilskot frå staten vert gitt etter fordelingsnøkkelen der følgjande variablar inngår: talet på personar over 70 år, geografiske avstandar og kulturell infrastruktur. Det er kommunane i fylket som kan søkje på desse løyvingane. Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt for eldre innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

Musikk

Fylkeskommunen har som mål å legge til rette for at musikk av høg kvalitet skal gjerast tilgjengelig for flest mogleg i fylket, slik at ein kan styrke omfanget og kvaliteten på formidlinga, stimulere til utvikling av tverrfaglege og fleirkulturelle produksjonar, legge til rette for stor sjangerbreidde og samarbeid mellom amatørar og profesjonelle, gjerne på tvers av sjangrane.

Distriktsmusikarordninga

Løyvinga til distriktsmusikarordninga er fylkeskommunen sin del av lønskostnadane (25%) knytt til 15 stillingar som distriktsmusikarar i Førde og Gloppen kommunar og i Sogn (Leikanger, Luster og Sogndal kommunar). Stillingane bidreg til at fylket har profesjonelle musikarar på høgt nivå, som også underviser også i kulturskulane.

Fylkesmusikarordninga

Ordninga er vedteke vidareført ved etablering av distriktsmusikarstillingar. Dette vedtaket har vorte utsett i vent på ei avgjerd som tek stilling til den vidare satsinga. Fylkesdirektøren tilrår no ei økonomisk løysing som gjer at vedtaket kan setjast i verk.

Reduksjon og endring:

For å effektuere eit samla nedtak på 5,0 mill. kroner i 2016 og 8,5 mill. kroner frå 2017 tilrår fylkesdirektøren ei reduksjon på 0,7 mill. kroner i 2016 og 0,6 mill kroner i 2017 innan satsinga fylkesmusikarordninga. Fylkesdirektøren meiner det må vere eit mål å auka opp att satsinga med 0,4 mill. kroner frå 2018 slik hovudutvalet har lagt opp til i sitt vedtak i HK-sak 18/15.

Skulekonsertar, barnehagekonsertar og grenadakonsertar i samarbeid med Rikskonsertane.

Skulekonsertordninga er ei nasjonal ordning som er finansiert av Kulturdepartementet. I barnehagekonsertordninga deler Rikskonsertane og fylkeskommunen kostnadene likt. Vi når born heilt ned i 3-års alderen. Grenadakonsertane er eit nytt tiltak der fylket er vald ut som pilotfylke i formidling av skulekonsertane også utanfor skuletid. Ordninga vert i hovudsak finansiert av Rikskonsertane. Forutan midlar til administrasjon set fylkeskommunen av 0,1 mill. kroner til satsinga.

772 Kunstproduksjon

Fylkesdirektøren tilrår ei slik fordeling av midlane:

Teneste 7720 Kunstproduksjon	R-2014	B-2015	B-2016
Førdefestivalen	3,278	3,259	3,229
Norsk Country treff	0,849	0,877	0,827
Opera Nordfjord	1,193	1,448	1,398
Sogn og Fjordane Teater	5,757	5,890	5,840
Ufordelt innsparing			
Sum	11,077	11,474	11,294

Tenesta inneholder fylkeskommunen sine avtalebaserte løyvingar til knutepunktinstitusjonane Norsk Countrytreff og Førdefestivalen, og til Opera Nordfjord og Sogn og Fjordane teater. Føremålet med tenesta er å bidra til profesjonell kunst- og kulturproduksjon i Sogn og Fjordane. Institusjonane er svært viktige for regionen både med tanke på det å gi gode og mangfoldige kulturopplevelser og at vi har profesjonelle aktørarar som arrangørar og utøvande kunstnarar. Dei bidreg i stor grad til å marknadsføre fylket vårt. Dei fylkeskommunale løyvingane i 2015 på 11,474 mill. genererer statlege og kommunale tilskot på 34,967 mill.

Staten har evaluert knutepunktordninga, og har gitt signal om at dei vil komme med i framlegg til endringar i ordninga i statsbudsjett 2016. Forslaget over må difor reknast som mellombels i påvente av statsbudsjett og eventuelle endringar i knutepunktordninga. Fylkesdirektøren vil komme attende til dette når framlegg til statsbudsjett er klart.

Reduksjon og endring:

Det er føreslått ei reduksjon på 0,2 mill. kroner i 2016. Fylkesdirektøren tilrår at dette vert fordelt likt mellom dei fire mottakarane, slik at tilskotet til kvar av dei vert redusert med 50 000 kroner. Frå 2017 er det føreslått ein reduksjon på 1,0 mill. kroner. Fylkesdirektøren vil arbeide vidare med fordelinga av denne reduksjonen. Dette heng også saman med at regjeringa har signalisert endringar i knutepunktordninga. Tilskotet til Førdefestivalen er auka med 0,020 mill. kroner grunna ein reknefeil frå tidlegare år.

775 Fysisk aktivitet og idrett

Fylkesdirektøren tilrår ei slik fordeling av midlane:

Teneste 7750 Idrett	R-2014	B-2015	B-2016
Idrett, tilskot	1,450	1,450	1,450
Idrett, utviklingsarbeid	0,001	-0,024	0,120
Idrett, administrasjon	1,246	1,046	1,022
Sum	2,697	2,472	2,592

Føremålet med tenesta er gje alle høve til å vere fysisk aktive, spreie kunnskap om fysisk aktivitet og bidra til at alle i fylket vert tilstrekkeleg fysisk aktiv. Dette er stadfesta i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017. Tenesta inneholder eigne løn- og driftskostnadene, og:

Tilskot til idrettsorganisasjon

Fylkeskommunen støttar fylket sin største frivillige organisasjon, Sogn og Fjordane idrettskrins med 1,25 mill. kroner.

Drift idrettsanlegg

Fire langrennsanlegg er peika ut til å få fylkeskommunalt driftstilskot i perioden med tilsaman 0,2 mill. kroner.

Utviklingsarbeid

Interne omprioriteringar i kulturbudsjettet skapar rom for å auke satsinga på fysisk aktivitet ved å setje av 0,120 mill. kroner til utviklingsarbeid i tråd med tiltak i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017.

Spelemidlar

Fylkeskommunen har forvaltningsansvar for dei statlege spelemidlane til idrett-, nærmiljø- og friluftslivanlegg. Spelemidlane til anlegg for idrett, friluftsliv og kulturbygg utgjer i 2015 om lag 40 mill. kroner. Dette aleine skapar ein omsetnad i byggenæringane på over 120 mill. kr. i 2015.

790 Andre kulturaktivitetar

Fylkessdirektøren tilrår ei slik fordeling av midlane:

Teneste 790 ANDRE KULTURAKTIVITETAR	R-2014	B-2015	B-2016
Ungdomspolitisk utval	0,199	0,199	0,165
Fylkesting for ungdom	0,015	0,028	0,030
Ungdommens kulturmønstring	0,512	0,635	0,735
Kulturmidlar til organisasjonar, stipend/pris, festivalar og arrangement	4,422	3,926	4,276
Fylkesjubileet	0,111	0,000	0,000
Utviklingsmidlar kultur	4,211	3,700	2,600
Andre kulturaktivitetar, administrasjon	2,650	3,141	3,150
Sum	12,120	11,629	10,956

Føremålet med tenesta er delt i to:

- Det eine føremålet er barne og ungdomssatsingar der ein legg vekt på kreativ eigenaktivitet og demokratibygging og kunnskapsheving i det å delta i demokratiet og politiske prosesser
- Det andre føremålet er å støtte økonomisk opp om frivillig sektor gjennom tilskot til organisasjonar, aktivitetar, utviklingstiltak, festivalar, stipend og fylkeskulturpris.

Hovudutval for kultur gjorde i HK-sak 18/15 framlegg om å prioritere dette programområdet ved at det ikkje vart foreslått/vidareført reduksjonar her. Fylkessdirektøren har i sitt framlegg til budsjett 2016 lagt til grunn at dette kan gi ei styrking av utviklingsarbeidet på programområde 775 Fysisk aktivitet og idrett, og til vidare utvikling av UKM i fylket (samla sett 0,22 mill kroner). Disponible midlar til frivillige kulturorganisasjonar, festivalar, stipend, arrangement vil med dette vere om lag på nivå med 2014 før reduksjonane i 2015 vart iverksett.

Ungdomspolitisk utval og Fylkesting for ungdom

Tenesta inneholder driftskostnadar til drift av ungdomspolitisk utval og gjennomføring av nettverkssamlingar for ungdomsråd i fylket samt det årlege Fylkesting for ungdom. Dette er viktige demokratiske organisasjonar for både deltaking i og læring av demokratiske prosessar.

Ungdomens kulturmønstring (UKM)

UKM bidreg til lokal aktivitet, og lærer dei unge kreativitet, det å skape og det å delta på store kulturarrangement. UKM er innarbeidd som den viktigaste visningsarena for barn og unge. Fylkesdirektøren har auka opp satsinga på UKM med 0,1 mill. kroner.

Utviklingsarbeid

Dette er midlar til dristige, nyskapande kulturprosjekt i Sogn og Fjordane. For 2016 er det løvd inn tilskot til utviklingsavtale med Selje og løvning til Hafstadparken på til saman 2,6 mill. kroner. Det er det som ligg i ramma, og det er ikkje rom for andre tildelingar frå denne delen av budsjettet. Den nye hovudutvalet for kultur og næring vil ha 1,075 mill. kroner til disposisjon. Desse midlane ligg på forvaltningsbudsjettet, og skal rettast inn på nyskapande kulturutviklingstiltak.

Det nynorske språket

Språket vårt handlar om identitet vår, som menneske og fylke. Nynorsk skal vera eit eige satsingsområde i den regionale politikken og kultursatsinga. Det er ikkje sett av eigne midlar til ei slik satsing, forutan dei midlane som vert gjevne som tilskot og dei midlane vi nyttar frå administrasjonsbudsjettet til dette. Nynorsksatsinga inngår i alt det arbeidet vi gjer innan kultur.

5. Presisering av føreslårte reduksjonstiltak

Reduksjonane i budsjettet for 2016 er i vurderinga presentert under kvar teneste. Fylkesdirektøren gjev i oppsettet under ei oversikt over dei samla reduksjonane. Desse er i tråd med hovudutvalet sitt vedtak i HK-sak 18/15, og vedteken økonomiplan for 2016-19. I tabellen er også 2017 tatt med for å vise reduksjonane som er vedteke for dette året. Arbeidet med å førebu desse reduksjonane vil starte tidleg i 2016 slik at dei kan iverksetjast som føresett i vedtaket.

Programområde	Tiltak	B 2015	B 2016	B 2017
740 Bibliotek	Bokbåten	-0,640	-1,300	-1,600
750 Kulturminneforvaltning	aktivitet			-0,700
750 Kulturminneforvaltning	Adm. stilling, jf. forvaltn.			-0,700
760 Museum		-1,100	-2,200	-3,200
771 Kunstformidling	Fylkesmusikarordninga	-0,900	-0,700	-0,600
771 Kunstformidling	Kultur og helse	-0,200	-0,500	-0,500
771 Kunstformidling	Den kulturelle skulesekken	-0,100	-0,100	-0,200
772 Kunstproduksjon	Tilskot til regionale kulturinstitusjonar		-0,200	-1,000
790 Andre kulturaktiviteter	Kulturmidlar	-0,900		
SUM		3,840	5,000	8,500

6. Eksterne søknadar

Årleg kjem det inn søknadar til sektoren som er så omfattande at dei må vurderast som ein del av budsjettprosessen. Fylkesdirektøren kjenner no til tre søknadar som er aktuelt å vurdere. Vurderinga av desse ligg i kvar sitt notat som følgjer denne saka (saman med søknadane), jf vedlegg 1-3.

Dette gjeld følgjande søknadar:

- *Langeland ski- og fritidssenter AS - rulleskiløype*
- *Stryn turn- og idrettslag - Arena Stryn*
- *Stiftelsen Måløyraidsenteret - Måløyraidsentet*

Ut frå hovudutvalet si ramme, og på grunn av fylkeskommunen sin økonomiske situasjon, finn ikke fylkesdirektøren rom til å rá til løyving til søknadane.

7. Konklusjon

Med bakgrunn i ovanståande utgreiingar, drøftingar og vurderingar, rår fylkesdirektøren til at hovudutval for kultur gir tilråding til finansutvalet i tråd med fylkesdirektøren sitt framlegg.